

- Stor tru på at det kjem 2.000 til Festidalen!

26.07.2007



Sveinung Mæland Pile har stor tru på at det kjem 2.000 til Festidalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Eg har stor tru på at det kjem 2.000 til den femte Festidalen neste fredag og laurdag, seier Sveinung Mæland Pile i festival-leinga til uskedalen.no ei god veke før rockefestivalen startar**

Førehandssalet av billetter, som berre går føre seg på Spar, er svært lovande.

– Vi ligg tre gonger så bra an med billettsalet som i fjor, då vi kom opp i 1.000 besøkjande, fortel Sveinung. Men han og drabantane hans har nøkternt budsjettert med 1.400 betalande.

Men betre billettsal må uansett til, for dei driftige arrangørane har lagt lista atskillig høgre enn i fjor. Og lista heiter framfor alt Turboneger, som truleg aldri har spela på ein så liten stad som Uskedalen og som arrangørane trur vil lokka mange også frå Bergensområdet.

Dei håpar og trur at Turboneger i tillegg vil bidra til å løfta Festidalen opp på eit høgare plan og gje festivalen større prestisje og slagkraft. At Turboneger kjem til Uskedalen gjer at Festidalen blir omtala i nasjonale medier i større grad enn tidlegare.

- Vi vonar at bandet vil vera ein nøkkel til den nasjonale marknaden, seier Sveinung.

- Dei er galne som satsar på Turboneger, korleis kan dei ha råd til det, er imidlertid ein replikk som uskedalen.no har høyrte frå fleire i det siste. Då tenkjar dei truleg på at bandet for nokre år sidan tok 900.000 kroner for å spela på Quartfestivalen i Kristiansand. Men Sveinung strekar under at Turboneger ligg langt under den summen i Uskedalen utan at han vil ut med talet.

Ein peikepinn gjev det at heile festivalbudsjettet er bortimot ein million kroner medan det var 400.000 i fjor. Berre posten til PR og marknadsføring er dobla frå 2006. Innsatsen her har vore utvida frå Kvinnherad til også å vera retta mot Stord og Odda. Førebels har det ikkje vore grunnlag for å satsa mot Bergen – men situasjonen kan vera ein annan neste år.

Sveinung strekar under at det er gjort ein ekstremt god jobb for å skaffa sponsorar. Jobben har vore svært krevjande.

- Pengane sit nok atskillig lausare når det er idrotten som ber om dei, seier han. Hvis Festidalen skal kunne utvikla seg vidare må det lokale næringslivet også i Kvinnherad betala meir – som til festivalar andre stader i

landet. Nokre av dei lokale bedriftene er flinke til å opne pengepungen, medan andre som det var grunn til å venta ville ha ei like positiv haldning seier tvert nei.

Sveinung peikar på at dei som seier nei ikkje er nok merksame på dei store ringverknadene som eit slikt arrangement har. Ei undersøking synte at rockefestivalen Lost Weekend på Askøy (som går samstundes med Festidalen) ga ei lokal overrissling på 13 millioner kroner medan sjølve festivalbudsjettet var på sju millionar. Men skal ein få til ein tilsvarande effekt i Uskedalen, må folk komma utanfrå og overnatta.

Men til ein viss grad er det lagt til rette for det denne gongen her. For første gong har Festidalen eit camping-tilbod – på ridebana til Magne Huglen. Der vil ein vert sjå til at gjestene har det trygt og bra og om morgonen blir det frukost-servering!

Også sponsorane får spesial-service denne gongen – med servering i eit eige telt.

Av Ola Matti Mathisen



Turboneger er trekkplaster nummer ein på festivalprogrammet denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)